

Innkalling til styremøte

Møtenummer : 13/2018-2019
Dato : Torsdag 21. november
Klokka : **Kl. 17.30 – 20.30**
Stad : Skei hotell, Jølster

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad		X		
1.vara Heien, Ingrid		X		
2.vara Grimseth, Stian		X		
Ryste, Bodil – fungerande org.sjef	X			
Erling Benjaminsen – økonomikonsulent	X			
Narve Heggheim – anleggs- /utviklingskonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Ikkje planlagt nytt styremøte for Sogn og Fjordane idrettskrins.

Representasjon:

09.11.19	Idrettskrinsting, Myrkdalen.	Styret + adm.
09.11.19	100-års jubileum, IL Modig	Ingar Breilid
19.11.19	Frivilligkonferanse, Sogn og Fj Fylkeskommune	Nils R. Sandal

ORIENTERINGSSAKER:

- Evaluering av ekstraordinært og konstituerande idrettskrinsting
- Vestlandsrådet 27.11.19

SAKER :

- Sak 48-2018-2019 Protokoll frå førre møte
Sak 49-2018-2019 Stipend- og støtteordning. Tildeling.
Sak 50-2018-2019 Opprette stifting, jf. sak 5 på det ekstraordinære idrettskrinstinget
Sak 51-2018-2019 Idrettsmeldinga, høyring i organisasjonen

Sak 48 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjend

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 12/2018-2019

Sak 49 Stipend- og støtteordning

Vedtak: Idrettskrinsstyret vedtek å tildele stipend på kr. 10 000,- til 15 unge utøvarar i alderen 16-19 år. Idrettskrinsen vedtek vidare å tildele støtte til 5 idrettslag og 3 særkretsar/regionar med tiltak innanfor paraidrett, og til 12 idrettslag og 5 særkretsar med tiltak innanfor barne- og ungdomsidrett. Total tildelingssum på stipend er kr. 150 000, barne- og ungdomsidrett kr. 282 500, og paraidrett kr. 115 000,-

Bakgrunn: Midlar til stipend til unge utøvarar (16-19 år) og støtteordning til barne- og ungdomsidrett og paraidrett vart lyst ut 1. oktober 2019. Søknadsfrist var 1.11.19. Innan fristen kom det 47 søknadar om stipend unge utøvarar, 21 søknadar til tiltak innan barne- og ungdomsidrett, og 8 søknadar til tiltak innan paraidrett.

Vedlegg med søknadsoversikt og forslag til tildeling vert ettersendt. Saka vert presentert i møtet.

Sak 50 Opprette stifting, jf. sak 5 Ekstraordinært idrettskrinsting 9.11.19

Vedtak: Styret godkjenner framlagde vedtekter for stiftinga. Namnet på stiftinga blir Idrettsfond Sogn og Fjordane. Styret gjev org.sjef og styreleiar fullmakt til å fullføre opprettinga av stiftinga, herunder å forespørje foreslåtte kandidatar til styret.

Bakgrunn: Sogn og Fjordane idrettskrins sitt ekstraordinære idrettskrinsting vedtok 9.11.19 å opprette ei stifting med formål om å dele ut midlar til utøvarar og prosjekt blant medlemmar av organisasjonsledd tilslutta Norges Idrettsforbund sine underliggende organisasjonsledd i regionane Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Idrettskrinstinget gav idrettskrinsstyret fullmakt til å opprette stiftinga. Det vert synt til sak 5 i ekstraordinært idrettskrinsting 9.11.19.

Sak 51 **Idrettsmeldinga, høyring i organisasjonen**

Vedtak: Sogn og Fjordane idrettskrins samanfattar sine innspel med Hordaland idrettskrets. Forslag blir sendt til styret for godkjenning, før ein sender ein felles høyringsuttale til Norges idrettsforbund innan fristen 4.12.19.

Bakgrunn: Kulturdepartementet er i gang med arbeidet med ei melding til Stortinget om den statlege Idrettspolitikken. Norges Idrettsforbund har utarbeidd eit utkast til innspel til idrettsmeldinga. Idrettsstyret handsama utkastet i møte 23.10.19, og fatta følgande vedtak:

«Idrettsstyret ba generalsekretæren sende utkast til NIFs innspill til idrettsmeldingen på høring i organisasjonen, med de endringer som fremkom i møtet. Høringsfristen settes til 4. desember».

I tråd med idrettsstyret sitt vedtak har NIF invitert særforbund og idrettskretsar til å kome med synspunkt på utkastet. NIF oppfordra idrettskretsane til å involvere idrettsråda i høyringsarbeidet. Sogn og Fjordane idrettskrins sendte høyringsutkastet til idrettsråd, kontaktidrettslag, særkrinsar/regionar 7. november 2019, med frist 21. november for å kome med innspel til idrettskrinsen. Idrettsforbundet lista opp spesielle område som dei ønskte å gjere organisasjonen merksame på, og desse områda vart også formidla til idrettsråda og særkrinsane/regionane ved utsending av høyringsutkastet.

Brev frå NIF, samt utkast til innspel frå NIF er vedlagt. Innspel frå organisasjonsledda vert presentert for idrettskrinsstyret 21.11.19.



Bodil Ryste
Fungerande org.sjef